



DEN NORSKE KYRKJA Stedje Sokneråd

Sogndal 04.11.2021

Protokoll frå møte i Stedje sokneråd torsdag 28.10.21 kl. 19.30 – 20.30

Desse møtte:

Faste medlemar: Kari Torhild Kvåle, Hans Magne Kvåle, Bjørn Skjeldestad, Bente Karin Vatlestad, Elbjørg Reppen Ølnes og Helge Torstad.

Varamedlemar: Oddbjørg Uglum,

Medlem Berit Amundsen, Per Hilleren og Vegard Bondevik Lie hadde meldt forfall.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 30.09.2021.

Samrøystes godkjend

Orienteringssaker:

1. Orientering frå ulike utval som soknerådsmedlemmane er med i.
Referat frå møte i diakoniutvalet 4.10.21 (ligg ved)
Referat frå møte i Fellesrådet 20.10.21 (ligg ved)
Referert

Vedtakssaker:

- Sak 23/21** Ny kyrkjeleg organisering. Sjå tilsendt e-post frå kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide datert 18.08.2021, der det ligg lenke til høyringsuttale. Ber om at medlemmane les gjennom dette til møte.
- Vi gjorde dette vedtaket på møte 30.09.21: Soknerådsleiar tek initiativ til eit felles møte med dei andre soknerådsleiarane for å drøfte framgangsmåte.**
- Vi hadde eit møte 19.10.21 på Stedjetunet der vi mellom anna drøfta denne saka. Norum sokneråd vil ikkje gi eigen uttale, men vil støtte seg til høyringsuttale frå Fellesrådet. Balestrand var komne i gang, Kaupanger hadde vald nokre personar som skulle arbeide med høyringa, og deretter leggje det fram i soknerådet. Fjærland gir også eigen uttale. Stedje bør som det største soknet også kome med eigen uttale. Vi vart enige om å halde dialog mellom sokneråda i prosessen fram til uttalen skal sendast. Vi må starte med denne høyringa på dette møte.

Vedtak: Helge, Per og Berit jobbar vidare med høyringa, og kjem med framlegg til neste møte i soknerådet 25. november. Vi vil vere i dialog med dei andre sokneråda og fellesrådet under vegs, for å utveksle det ein har kome fram til.

Det kom innspel og spørsmål i møte, både positive og negative i forhold til ny kyrkjeleg organisering: Kor mange medlemmar skal det vere i prostirådet? Vil det bli større økonomisk gevinst ved å ha større eining? Kva med personale? Vil kommunane føle større avstand til kyrkjeleg arbeid, når det ikkje er «eige» sokn dei overfører pengar til. Dette tek gruppa med seg i det vidare arbeidet.

- Sak 24/21** Avskjedsgudsteneste for sokneprest i Stedje og Fjærland sokn Mikael Bruun i Stedje kyrkje søndag 31.oktober kl. 11.00. Det blir kyrkjekaffi på Stedjetunet etter gudstenesta. Vi må fordele oppgåver i møte. Leiar tek kontakt med leiar i Fjærland sokn i forkant for å avklare kva dei kan bidra med. Å stelle istand det praktiske på Stedjetunet, ser eg som naturleg at vi har ansvar for.
Vedtak: Oddbjørg, Bente Karin og Elbjørg har kjøkenansvar, Bjørn og Sigfred set på plass bord og stolar. Helge handlar inn kaffi, saft m.m.
Det vart også vedteke å kjøpe eit bilette fra Karl Johan Ølnes som avskjedsgåve til Mikael Bruun.

I skrivande stund så er avskjedsgudstenesta og kyrkjekaffien historie. Takk til dykk som var med og stelte i stand, både i forkant og under sjølve kyrkjekaffien, (ca 50 stk tilstades). Det vart ei fin og verdig avskjed med Mikael og Ida Marie.

Neste møte i Stedje sokneråd blir torsdag 25. november kl. 19.30 på Stedjetunet.

Helge Torstad
-leiar Stedje Sokneråd